



**Ullensvang
kommune**

Kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdslesaker i utmark i Ullensvang kommune





Dei kommunale retningslinjene gjeld inntil lov om motorferdsel eller forskrift vert endra, eller nye retningslinjer vert vedtekne.

Motorferdsel i utmark vert i hovudsak regulert av følgjande regelverk:

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag ([link](#)).
- Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag ([link](#)).

Til regelverket er det av Miljøverndepartementet utarbeidd retningsliner i rundskriv MD-T-1/96 ([link](#)).

All køyring i utmark må skje i samsvar med gjeldande lover og reglar. Innanfor gjeldande lov og forskrift kan kommunen gje dispensasjonar for køyring. Kommunale retningslinjer er utarbeidd for å gje føringar for kva løyve som kan gjevast.

I samband med å utarbeida retningslinjene er det gjort ei vurdering av kva for paragrafar i forskrifta som er relevante for vår kommune. §§ 4, 4 a, 4b, 8, 9 og 10 er ikkje teke med.

Retningslinjene er sist endra og vedteke i sak 114/20 i Utval for samfunn, plan og næring den 4. november 2020.





Retningslinjer i samsvar med forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag (FOR 1988-05-15 nr 356):

§ 1. I utmark og på islagte vassdrag (som definert i lovens § 2) kan motorkjøretøyer bare brukes når det skjer i samsvar med denne forskrift.

All motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet og mennesker.

§ 2. Motorkjøretøy kan på bar mark utenfor veg nyttes til:

- a) formål som nevnt i motorferdselslovens § 4 første ledd,
- b) transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort, og transport ved jakt på villrein innenfor Hardangervidda villreinområde slik dette er avgrenset av Miljødirektoratet. Kjøring i nasjonalparken kan bare skje i samsvar med vernereglene for området, og utenfor bare for nødvendig transport etter sleper som tidligere er fastsatt av Direktoratet for statens skoger på statsgrunn og av kommunen/grunneiere på privat grunn,
- c) offentlig oppsyns- og tilsynssteneste,
- d) nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi,
- e) nødvendig transport i forbindelse med anlegg og drift av veger og større anlegg.

Kjøring skal om mulig følge eldre kjørespor.

Fylkesmannen kan – med unntak av formål nevnt i motorferdsellovens § 4 første ledd – begrense eller forby kjøring i spesielt sårbare områder. Fylkesmannen kan delegere denne myndigheten til kommunestyret.

Fylkesmannen kan etter søknad eller av eget tiltak treffe vedtak om kjøreformålet går inn under første ledd. Fylkesmannens vedtak kan påklages til Miljødirektoratet.

0 Endret ved forskrift 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013).

§ 2a. Elektriske sykler kan brukes i utmark. Med elektriske sykler menes sykler som er utstyrt med elektrisk hjelpemotor med maksimal nominell effekt på høyst 0,25 kW som reduseres gradvis ved økende hastighet og opphører ved 25 km/t eller tidligere hvis syklisten slutter å trå. Sykkelen kan ved motorkraft alene nå en maksimal hastighet på 6 km/t.





Kommunen kan i forskrift bestemme at bruk av elektriske sykler som nevnt i første ledd likevel ikke er tillatt i bestemte områder eller på nærmere angitte strekninger eller traséer.

0 Tilføyd ved forskrift 3 april 2017 nr. 422, endret ved forskrift 12 april 2019 nr. 510.

§ 3. Motorkjøretøy kan på vinterføre nyttes til:

- a) formål som nevnt i motorferdsellovens § 4 første ledd,
- b) andre formål som nevnt i § 2 i denne forskrift,
- c) transport som er nødvendig for drift av turistanlegg (overnattings- og serveringssteder, skiheiser m.v.) som ikke ligger til brøytet bilveg,
- d) transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggetillatelse,
- e) opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakker for allmennheten og for konkurranser, når det foretas av kommuner, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter,
- f) nødvendig transport i forbindelse med vitenskapelige undersøkelser, herunder dyretellinger og liknende registreringer, etter oppdrag fra forskningsinstitusjon,
- g) nødvendig transport av ved fra egen eiendom til fast bopel, samt etter utvisning fra skogforvaltningen i Finnmark.
- h) praktisk kjøretrening på nærmere fastsatte områder ved obligatorisk opplæring for beltemotorsykkelførere. Områdene fastsettes av fylkesmannen etter forslag fra kommunene.
- i) transport i forbindelse med kommunalt organiserte akuttiltak for å redusere påkjørselsrisiko for elg og annet hjortevilt ved vei eller jernbane.
- j) nødvendig søk etter skadet storvilt utenom ordinær jakt når søket foregår i regi av kommunen.

Kommunestyret kan gi bestemmelser om kjøring som nevnt i bokstavene b-g, herunder om områder, traseer, sesonglengde, tidspunkter for kjøring, utstyr m.v.

Bestemmelsene i § 2 tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende.

0 Endret ved forskrifter 19 juni 1995 nr. 563, 30 april 2003 nr. 516 (i kraft 1 mai 2003), 26 juni 2009 nr. 863 (i kraft 1 juli 2009), 19 juni 2015 nr. 722.

Retningslinjer:

§ 3 b, jf § 4 første ledd bokstav a i lova. Frivillige hjelpeorganisasjonar, som deltek i den offentlege redningstenesta, skal senda inn plan for øving og opplæring med motorkjøretøy til kommunen. Eksempel på organisasjonar er Norges Røde Kors Hjelpekorps, Norsk Folkehjelp, Norske Redningshunder.

§ 3 d gjeld det året byggeløyve er gitt + to år. Ved trong ut over dette må det søkjast særskilt etter § 6 i nasjonal forskrift. Byggeløyve skal følgja med under kjøring.

§ 3 e. Før skisesongen startar skal kart over skitraseen sendast til kommunen.





§ 3 f. Forskingsinstitusjonen skal, i samband med vitskaplege undersøkingar, senda inn plan for motorferdsla med kart/skildring av området.

§ 5. Etter skriftlig søknad kan kommunestyret gi tillatelse til bruk av snøscooter for:

a) fastboende som i ervervsmessig øyemed vil påta seg

- transport mellom bilveg og hytte,
- tilsyn med privat hytte etter eierens oppdrag,
- transport for massemedia på reportasjeoppdrag,
- transport av funksjonshemmede,
- transport av ved,
- transport etter dispensasjon i medhold av denne forskrifts § 6,

Retningslinjer:

Leigekøyring er eit tilbod til dei som har eit transportbehov. Ervervsløyve kan gjevast til fastbuande. For lag og foreiningar som får løyve kan inntil 5 personer stå som førarar, og inntil 5 snøskuterar kan nyttast.

Ervervsløyve kan gjevast for inntil 4 år om gongen, innan valperioden. Løyve bør prioriterast til fastbuande som er momspliktige. I område der det ikkje er råd for at momspliktige dekkjer behovet for leigekøyring, kan det opnast for andre fastbuande.

Løyve må godkjennast av grunneigarane i området.

Snøskuterar som er godkjende for leigekøyring skal merkast med oblat.

Innehavarar av ervervsløyve skal føra køyrebok. Køyreboka skal sendast kommunen etter avslutta sesong, kvart av åra.

Kommunen skal offentleggjera kven som har ervervsløyve i dei ulike områda med namn og telefonnummer.

b) funksjonshemmede

Retningslinjer:

Føresegna kan nyttast i samband med transport av varig funksjonshemming.

Eksempel på bruk av snøskuter kan vera:

Transport mellom veg og eiga hytte/hytte med langtids leigekontrakt (som eiga/leigd hytte reknast også hytte eigd/leigd av foreldre eller egne born).

Løyve vert skrive ut på den som er funksjonshemma.

Løyve kan verte gjeve for inntil fire år om gongen, i valperioden, med inntil 7 turar kvar vintersesong.

Køyrebok skal sendast til kommunen etter avslutta sesong, kvart av åra.





c) eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ikke ligger tilknyttet brøytet bilveg

Retningslinjer:

Hytta/stølen og køyreruta skal merkast av på kart og leggjast ved søknaden. Ved langtidsleige skal leigekontrakten liggja ved søknaden.

Løyve kan verta gjeve for inntil fire år om gongen, innan valperioden.

Eigar av hytte med tilknytning til vinterstengd veg, kan søkja løyve utan avgrensing på tal turar.

For eigar av andre hytter/sel utanfor Hardangervidda nasjonalpark, kan det søkjast om løyve med inntil 20 turar kvar vintersesong.

Løyvet krev bruk av slede, og eit transportbehov av eit visst omfang.

Løyvet vert gjeldande for hytteeigar/ grunneigar, samt eitt ledd opp og eit ledd ned.

All motorferdsel i utmark skal følgja ein gitt trasé. Dette må gjerast i samråd med grunneigarar og brukarar.

Det kan gjevast eit løyve per hytte/støl. Løyve kan gjevast til hytteeigar(ane)/leigar(ane), foreldra og borna. Andre må søkja etter § 6.

Dersom hytta/stølen er i ei sameige, kan det gjevast fleire løyve, med totalt 20 turar.

Køyrebok skal sendast til kommunen etter avslutta sesong., for kvart av åra.

d) kjøring i utmarksnæring for fastboende,

Retningslinjer:

Føresegna skal nyttast i samband med næring i utmark, t.d. drift av utleigehytter. Det skal liggja føre næringsoppgåve ved søknad om snøskuterløyve.

Snøskuterløyve kan gjevast for inntil fire år om gongen, innan valperioden. Første gongs løyve kan verta gjeve for inntil to år. Dersom den næringsdrivande etter utløpet av prøveperioden kan dokumentera ei samla omsetjing som gjer at verksemda er momspliktig, kan løyve forlengjast med fire år om gongen i valperioden.

e) transport av ved utover det som følger av denne forskrifts § 3 første ledd bokstav g,

Retningslinjer:

Føresegna skal nyttast i samband med transport av ved, som er hogd på eigen eigedom, og som skal transpoterast til annan stad enn fast bustad. Føresegna skal og nyttast når veden er hogd på ein annan sin eigedom. Transportruta skal vera kortast mogeleg frå vedteig til veg/hytte. Vedteig og transportrute skal merkast av på kart og leggjast ved søknaden.

Det kan gjevast løyve på inntil ti dagar i vintersesongen.





Løyve kan gjevast for inntil fire år om gongen, innan valperioden.

f) gruppeturer på snødekt mark for beboere på helse- og omsorgsinstitusjoner, medlemmer av pensjonistforeninger eller forflytningshemmede. Turen må være i regi av helse- og omsorgsinstitusjoner eller ideelle organisasjoner. Tillatelse kan kun gis for transport til bestemte turmål og langs nærmere bestemte traseer dersom kommunen anviser slike.

Kommunestyrets myndighet etter denne paragraf kan delegeres til et folkevalgt organ eller kommunal tjenestemann.

0 Endret ved forskrifter 19 juni 1995 nr. 563, 26 juni 2009 nr. 863 (i kraft 1 juli 2009).

Retningslinjer:

Snøskutertransporten skal vera ein nødvendig del av turen, og ikkje rein rekreasjonskjøring. Det kan gjevast dispensasjon for ein tidfesta gruppetur i kvart løyve. Det kan ikkje gjevast fleirårige løyve.

§ 5a. Kommunen kan etter søknad gi tillatelse til bruk av motorkjøretøy til transport av materiell og utstyr i forbindelse med utmarksnæring. Som utmarksnæring regnes drift av utleiehytter, næringsmessig høsting av naturgoder, turist- og reiselivsnæring, leting og undersøkelse av mineralske ressurser mv., forutsatt at virksomheten er registrert i Enhetsregisteret.

Første gangs tillatelse kan gis for inntil to år. Dersom den næringsdrivende etter utløpet av prøveperioden kan dokumentere en samlet omsetning som gjør at virksomheten som tillatelsen gjelder er momspiktig, kan tillatelsen forlenges med fire år av gangen.

Tillatelse etter første ledd kan på barmark kun gis for transport langs traktorvei, likevel slik at det i Finnmark også kan gis slik tillatelse langs godt etablerte barmarkstraseer.

På snødekt mark skal kjøring etter første ledd skje langs nærmere bestemte traseer, dersom kommunen anviser slike.

0 Tilføyd ved forskrift 26 juni 2009 nr. 863 (i kraft 1 juli 2009).

Retningslinjer:

Løyve til bruk av andre typar kjøretøy i næring enn snøskuter vert gjeve etter denne føresegna.





Eksempel på bruk av andre typar køyretøy (eks. beltevogn, trakkemaskin, ATV med belter) på vinterføre kan vera:

- Transport av materiell og utstyr ved drift av utleigehytter, og andre turist- og reiselivsbaserte verksemder.

Eksempel på bruk av køyretøy på barmark kan vera:

- Transport av utstyr og utbytte ved jakt, fangst, fiske og bærsanking.
- Transport av materiell og utstyr ved drift av utleigehytter, og andre turist- og reiselivsbaserte verksemder.

Det kan berre gjevast løyve til næringsverksemder som er registrert i Einingsregisteret. Etablerte verksemder må vera momspliktige for å kunne få løyve.

Løyve til køyring på barmark kan berre gjevast for transport langs traktorveg e.l.

§ 5b. Kommunen kan etter søknad gi tillatelse til bruk av snøscooter på vinterføre for utkjøring og tilsyn med jervebåser som er tillatt av fylkesmannen etter forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøvelse av jakt, felling og fangst § 31 første ledd bokstav a). Kommunen kan etter søknad gi tillatelse til bruk av snøscooter på vinterføre for utkjøring av åte og åtebuer i forbindelse med felling av jerv. Kjøring etter første og annet punktum skal skje etter bestemte traseer som angis i kommunens vedtak. Antall tillatte turer etter annet punktum skal avgrenses og framgå av tillatelsen. Lisenshaver skal føre logg som på forespørsel må forevises til naturoppsynet.

0 Tilføyd ved forskrift 19 juni 2015 nr. 722, endret ved forskrift 14 juli 2015 nr. 898.

§ 6. I unntakstilfelle kan kommunestyret – eller et annet folkevalgt organ som kommunestyret bestemmer – etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 – § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.

Retningslinjer:

Køyretøy på vinterføre

Føresegna skal nyttast ved særskilt trong for transport. Eksempel på bruk av køyretøy (t.d. snøskuter, ATV med belter, trakkemaskin, beltevogn, jernhest o.l.) på vinterføre kan vera:

- Transport av personell og utstyr ved idrettsarrangement. Løyvet kan gjevast for inntil fire år.
- Køyring i samband med drift av opne hytter i fjellet. Løyve kan gjevast for inntil fire år, med inntil 28 turar i valperioden. Føresetnaden er at det er allment kjent at hytta er open. Ved større vedlikehald/utbetringar o.l. kan det gjevast fleire turar vurdert etter behov.
- Transport for funksjonshemma mellom brøyta veg og eiga/langtidsleid hytte. Løyve kan verte gitt for inntil fire år. Det kan verte gitt inntil 7 turar per år jamfør § 5 første ledd bokstav b.





Barmarkskøyring

Føresegna skal nyttast ved særskilt trong for transport. Eksempel på barmarkskøyring kan vera:

- Transport i samsvar med godkjent byggjeløyve. Løyve vert då gjeve etter behov for eit avgrensa tidsrom/tal turar.
- Transport i samband med normalt vedlikehald bør helst skje på vinterstid med snøskuter.
- Transport for funksjonshemma mellom veg og eiga/langtidsleigd hytte, når transporten kan skje etter egna trase. Løyve kan gis for inntil 4 år, i valperioden, tal turar vurderast etter behov og køyreforhold. Køyretøy som kan nyttast er t. d. ATV, eventuelt køyretøy som etter alt å dømma vil gi mindre køyreskadar.

§ 7. For tillatelse etter § 5, § 5a, § 5b og § 6 kan det settes vilkår, bl.a. om at kjøring skal skje etter angitte traseer. Tillatelsen kan tidsbegrenses.

Tillatelsen skal være skriftlig og skal medbringes under transporten. Den skal vises fram på forlangende av politi eller oppsyn.

Kommunens vedtak etter § 5, § 5a, § 5b og § 6 kan påklages til fylkesmannen.

Kommunene skal rapportere behandlingen av saker etter § 5, § 5a, § 5b og § 6. Klima- og miljødepartementet fastsetter rapporteringsform. Rapporteringsplikten kan utvides til også å gjelde andre forhold vedrørende motorferdsel.

0 Endret ved forskrifter 19 juni 1995 nr. 563, 30 april 2003 nr. 516 (i kraft 1 mai 2003), 29 sep 2010 nr. 1303 (i kraft 1 okt 2010), 19 des 2013 nr. 1757 (i kraft 1 jan 2014), 19 juni 2015 nr. 722.

Generelt for alle løyve gitt etter forskrifta §§ 3, 5, og 6

Retningslinjer:

Køyretider:

Køyring bør ikkje skje mellom kl 23.00 og 07.00 i regulerte hyttefelt.

Køyring skal ikkje, så langt det let seg gjera gå føre seg på heilag- og høgtidsdagar.

Køyretidene gjeld ikkje løyve som er heimla direkte i lova, medrekna preparering av løyper.

Trase:

Køyring skal følgje kortast mogeleg trase mellom brøyta bilveg og målet for turen. Om mogeleg skal køyretraseen følgje ubrøyta skogsbilveg eller liknande.

Sesonglengde:

Normal sesonglengde for snøskuter/beltekøyretøy er perioden 1. desember – 1. mai.

Normal sesong for barmarkskøyring er perioden 15. juni – 30. november.

Ved særskilt dokumentert trong kan løyve for snøskuter/beltekøyretøy utvidast såframt det er snøføre, og løyve for barmarkskøyring, dersom forholda ligg til rette.

I perioden 1. mai – 15. juni skal omsynet til hekke- og yngletida vektleggast særskilt ved søknad om barmarkskøyring og utviding av snøskuterløyve.

Kartfesta trase:





Kartfestet trase skal følgje søknaden.





Retningslinjer i samsvar med lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (LOV1977-06-10 nr 82)

§ 6. (tillatelse etter søknad).

Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven.

Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemte tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen.

Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

0 Endret ved lover 15 jan 1988 nr. 4, 10 jan 1997 nr. 7 (ikr. 1 mars 1997).

Retningslinjer:

Føresegna er nytta i samband med søknad om bruk av luftfartøy (helikopter/sjøfly), og motorfartøy på vatn under 2 km².

Eksempel på bruk av luftfartøy:

- Transport av til dømes byggjemateriell, beis, proviant, utstyr og bagasje til eiga/langstidsleigd hytte/støl (som eiga/langstidsleigd hytte reknast også hytte eigd/leigd av foreldre eller egne barn). Inntil 4 landingar.
- Transport av byggjemateriell til bygging av hytte – krev byggjeløyve.
- Ved varig funksjonshemming kan det verta gjeve inntil 4 landingsløyve per år ved eiga/langstidsleigd hytte.
- Transport av personell og utstyr ved idrettsarrangement. Det kan verte gitt løyve for inntil fire år i valperioden.
- I beredskapssamanheng ved større arrangement.
- Transport av personell og utstyr i samband med foto/filming som profilerer kommunen/distriktet/landet. Det er ein føresetnad at kommunen vurderer profileringa som positiv samla sett.
- Jakt – Inntil 2 landingar per jeger. Krev kopi av gyldig jaktkort for storvilt.
- Garnfiske – Inntil 2 landingar per fiskar. Krev kopi av garnfiskekort, 50 garndøgn.
- Transport til opne hytter i fjellet. Det kan gjevast løyve i inntil fire år, med 16 turar i valperioden.

Eksempel på bruk av motorfartøy:

- Jakt – krev kopi av gyldig jaktkort for storvilt.
- Garnfiske – krev kopi av garnfiskekort, 50 garndøgn.
- Transport av byggjemateriell, beis, proviant, utstyr og bagasje til eiga/langstidsleigd hytte/støl. Transporten skal avgrensast med tal turar etter behov.

Det vert ikkje gjeve fleirårige løyve.

Det skal nyttast helikopter/flyselskap som driv luftfart som næring.

Køyretider:

Bruk av luftfartøy eller motorfartøy skal så langt rå ikkje gå føre seg på heilag- og høgtidsdagar.





Køyretidene gjeld ikkje løyve som er heimla direkte i lova.

Sesonglengde:

Normal sesong for helikopter/sjøfly- og motorbåttransport er perioden 15. juni – 30. november. I perioden 1. mai – 15. juni skal omsynet til hekke- og yngletid vektleggast særskilt.

Kartfesta trase:

Kartfestet trase/ landingsplass skal følgje søknaden.

Krav til søknaden:

Søknaden skal innehalda følgjande opplysningar:

Namn og fullstendig adresse på søkjar

Opplysningar om køyretøytype (snøskuter,ATV, beltegåande køyretøy eller liknande), eller fartøy (helikopter, sjøfly, båt)

Storleik på båtmotor

Føremålet med transporten

Startstad og endestad. Ved køyring på barmark og snø skal ruta teiknast inn på kart som vert lagt ved søknaden.

Tidsrom for køyring og naudsynt tal turar

Dato og underskrift

Legeattest ved varig funksjonshemming skal leggjast ved søknaden

Løyve frå grunneigar for vedhogst

Søknadar skal vera kome inn til kommunen minimum 3 veker før køyring skal finna stad.

